



ULSTEIN VIDAREGÅANDE SKULE

Studieprogram for:

ST: Studiespesialisering
EL: Elektrofag
ID: Idrettsfag
SS: Service og samferdsel / IKT Servicefag
TAF: Tekniske allmenne fag
PB: Påbygging til generell studiekompetanse



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Den nye fráværsgrensa på 10% - gjeld timefrávær i enkeltfag

Viss du har meir enn 10% **udokumentert frávær** i eit fag, vil du som hovudregel ikkje ha rett til å få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i faget.

Alt frávær skal førast, unntaka finn du i tabellen under. Merk deg dokumentasjonskrava.

	Unntak	Dokumentasjonskrav
Rettar etter opplæringslova Skal ikkje førast som frávær	Besøk hjå rådgjever	Hugs å få med dokumentasjon
	Møte med PPT (Pedagogisk-Psykologisk-Teneste)	Hugs å få med dokumentasjon
	Organisert studiearbeid som er avtalt med faglærer på førehand.	Skriv søknad om sjølvstendig studiearbeid og gjer avtale med faglærarar
	Avtalt samtale med rektor/leiinga/andre tilsette	Hugs å få med dokumentasjon
	Elevrådsarbeid	Dokumentasjon frå elevrådsleiar/avd.leiar/ass.rektor/rektor
Helse- og velferdsgrunnar Dette er punkt som også kan kome inn under 10-dagarsregelen	Legetime	Må dokumenterast anten med timekort, SMS (om timen er bestilt med mobiltelefon) eller kvittering for betalt time
	Tannlegetime	
	Time hos BUP (Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk)	
	Time hjå helsesøster	Hugs å få med dokumentasjon
	Blodgiving	Dokumentasjon frå Blodbanken
	Helsegrunnar	Legeerklæring eller dokumentasjon frå annan sakkunnig, t.d. helsesøster, fysioterapeut, tannlege eller psykolog (BUP)
	Kronisk sjukdom	Erklæring frå sakkunnig som seier at du er under utgreiing, oppfølging e.l. som vil føre til frávær frå skulen Når slik erklæring er levert, kan føresette eller myndige elevar, i etterkant levere eigenmelding
	Under utgreiing eller oppfølging for udiagnostisert sjukdom	
	Anna sjukdom som gjer det lite hensiktsmessig å oppsøke sakkunnig for kvart tilfelle	
	Omsorgsoppgåve for eigne barn	Eigenmelding
	Deltaking i bryllaup, konfirmasjon, dåp og gravferd i nær familie (inntil 1 dag) <i>Alvorleg sjukdom og dødsfall (gravferd) i nær familie gir høve til frávær utover 1 dag etter individuell vurdering</i>	Melding frå føresette eller myndige elevar
	Tiltak/arrangement i skulens regi (t.d.	Må dokumenterast med godkjenning frå

	juleverkstad)	avdelingsleiar/ass.rektor/rektor
Anna Dette er punkt som også kan kome inn under 10-dagarsregelen	Politisk arbeid	Dokumentasjon frå organisasjon
	Hjelpearbeid	Dokumentasjon frå oppdragsgjevar
	Lovpålagt oppmøte	Dokumentasjon frå den som kallar inn
	Represenstasjon i arrangement på nasjonalt eller internasjonalt nivå, t.d. idrett	Dokumentasjon
	Religiøse høgtider utanom Den Norske Kyrkja (inntil 2 dagar)	Dokumentasjon
	Køyreopplæring - obligatoriske timar; gjeld kl.B, 4 t tryggleikskurs på bane, del to og tre på tryggleikskurs på veg (5 t køyring på landeveg og 4 t planlegging og køyring i variert trafikkmiljø)	Dokumentasjon frå køyreskule
Eksamen Skal ikkje først som frávær	Eleveksamen	Jfr eksamensoppsett
	Privatisteksamen for fag som kjem inn under krava til vitnemål	Jfr eksamensoppsett, evt stadfesting frå eksamensansvarleg (VikEI) eller inntaksansvarleg (RinBå)

Dokumentasjonen skal leggst fram snarast og helst frå første fráværsdag. Kontaktlærar tek vare på dokumentasjonen.

OBS! Etter 01.08.2019 vart deler av køyreopplæringa godkjent som dokumentert frávær. Det gjeld IKKJE teoretisk og praktisk førarprøve.

Særskilt i høve treningsleirar:

Etter diskusjonar med andre vg skular har vi kome fram til ei praktisering rundt fråtrekk av frávær. I samband med reise på treningsleir over fleire dagar, t.d. til utlandet, så kan deltakarane få «trekt vekk» fråveret sitt jamfør 10% grense for frávær i fag under eit par føresetnadar:

1. At det i dagsprogrammet for treningsleiren er sett av tid til skulearbeid, og då at ansvarleg leiar følgjer opp at dette skulearbeidet vert gjort.
2. Den einskilde elev som er med på turen må skrive ein søknad om å få gjere **sjølvstendig studiearbeid**. Vidare må den einskilde elev gjere avtalar med faglærar.

Her er ein tabell som viser døme på fráværsgrenser for dei ulike årstimetala:

			1 termin	1 termin	Begge terminer	Begge terminer
60 min	45 min	Timer pr uke	5 %	10 %	5 %	10 %
56	75	2	2	4	4	8
84	112	3	3	6	6	12
112	149	4	4	7	7	15
140	187	5	5	9	9	19
168	224	6	6	11	11	23
197	263	7	7	13	13	27
215	287	8	7	14	14	29
262	349	9	9	17	17	35

(Kjelde: udir.no)

Viktig å hugse på:

- Fråvær skal vere “opp og avgjort” i løpet av 14 dagar, dvs etter 14 dagar kan/skal det ikkje endrast
- Forseintkoming til time vil medføre fråvær i den tida du er borte (min) og merknad
- Ved stort fråvær kan ein ikkje vere både elev og privatist i same faget
- Frist for oppmelding til privatisteksamen er 1.februar

Ulstein vgs, august 2020

Leiinga